

Kulturperspektiv på møte mellom embetsmenn og bønder

Samandrag

Prosjektet fokuserer på ei etablert førestilling: at det i perioden ca. 1660–1870 fanst ei enkelt kulturell todeling i det norske samfunnet – ein elitekultur (der embetsmannsgruppa dominerte) og ein folkekultur (der bondegruppa dominerte). Prosjektet vårt set spørsmålsteikn ved eit slikt essensialistisk syn, eller vil i det minste nyansere denne todelinga. For det første var både elitesjiktet og bondesjiktet langt meir mangfaldige enn denne tokulturlæra tilseier. Dei var også gjennomskorne av vertikale band (patron-klient-band). For det andre er det vår hypotese at det fanst vesentlege regionale kulturskilnader, og dermed også skilnader i korleis kulturmøta arta seg. Prosjektet vil difor ha eit regionalt fokus. Teoriar og typologiar kring disiplinering, samfunnsorganisering og, ikkje minst, patron-klientrelasjonar vil vere viktige reiskapar under tilnærminga.

Prosjektet vil bli gjennomført som tre integrerte delprosjekt: 1. *Embetsmenns og bønders orienteringsverd, eigenoppfatning og kulturelle særtrekk – ein regional komparasjon*. 2. *Embetsmennene sine sosiale og økonomiske relasjonar i høve til bondesamfunnet*. 3. *Maktbasis, maktutøving og regionale tilpassingar*. Prosjektmedarbeidarar er ei gruppe fast tilsette ved Historisk institutt og Institutt for religion, livssyn og kristendom (RLK). I tillegg vil vi ha eit formlisert samarbeid med Norsk lokalhistorisk institutt. Forskinga vil likevel i størst omfang skje gjennom to utlyste doktorgradsstipend og eitt post doc.-stipend. Professor Atle Døssland vert ansvarleg for det samla prosjektet, medan ansvaret for delprosjekta ligg på andrer i gruppa.

To kulturar?

Det nye masterprogrammet Kulturmøte ved Høgskulen i Volda dreg, liksom prosjektet vårt, fram ulike forståingar av kulturomgrepet. Kultur er eit mangtydig omgrep. Det dreiar seg om heile settet av haldningar, verdiar og ferdigheiter menneske har som medlemmer av ei gruppe. Sosialantropologar har delt omgrepet i tre underaspekt. Det første tek utgangspunkt i korleis menneska skaffar seg livsgrunnlag, det vil seie materielle sider ved kulturen ("teknø-økonomi"). Det andre dreiar seg om korleis menneska regulerer samkvem seg imellom og i høve til andre grupper. Dette gjeld altså dei sosiale sidene av kulturen. Det tredje dreiar seg om ideologi: den førestillingsverda menneska i ein kultur deler. Dei tre delaspekta har sjølvstøtt innverknad på einannan. I vårt prosjekt vil det likevel vere mest fokus på dei to siste delaspekta.

Innanfor norsk historieskriving har ei essensialistisk og generaliserande kulturoppfatning hatt mykje å seie for korleis forholdet mellom dei styrande – sentralmakta – og dei styrte – allmugen eller bondesamfunnet i periferien – har vore tolka og forstått. Læra om dei to kulturane, ein elitekultur og ein folkekultur (bondekultur) har røter tilbake til 1700-talet, men er vidare ei frukt av den nasjonsbyggande historieskrivinga som i si tid konstituerte historiefaget som vitskapleg disiplin. Forståinga om den todelte kulturen var på plass i norsk historievitskap alt på 1800-talet, i alle fall i den grad ein i det heile ville godta at dei breie folkemassane hadde ein "kultur" (Mellempgaard 2002).

Tokulturlæra går att i dei fleste oversynsverka i norsk historie på 1900-talet, like fram til våre dagar. Hans Try sitt bind 11 i Cappelens Norgeshistorie (1979) hadde såleis tittelen "To kulturer – en stat". Boka dekte perioden 1851–1884. Dette høver også med merkelappen "embetsmannsstaten" som Jens Arup Seip i 1963 hadde fest på epoken 1814–1884 i norsk historie. I det nyaste Noregs-historieverket er det også poengtert at embetsmennene på bygdene levde i ei lukka og sjølvrekrutterande verd med sin eigen kultur klart avsondra frå allmugen. Dette innebar jamvel at denne embetsmannsgruppa fylte krava til å vere ein eigen *stand* (Dyrvik 1996: 49).

Nokre har på eit litt anna plan funne det fruktbart å arbeide ut frå ei oppfatning om eit fundamentalt skilje denne tida mellom dei som beherska latin og dei som ikkje gjorde det: "den lærde tradisjon" og "den folkelige tradisjon". Kulturane vart etter dette sementerte ved at dei fungerte samanbindande innanfor gruppe, men samstundes innebar dette stengsler i høve til den andre kulturen. Særleg kan ein dominerande kultur, eller elitekultur, avskjerme seg frå kunnskap om kva andre meiner (Berggreen 1986 og 1989).

I prosjektet tek vi utgangspunkt i ein kritikk av slike essensialistiske kulturoppfatningar når vi vel tema og perspektiv. Vi hevdar at ”embetsmannskultur” og ”bondekultur” er problematiske omgrep. Dei impliserer homogenitet og dekkjer over mangfald. Vår innfallsvinkel er å leggje vekt på kompleksitet innanfor og samspel mellom ulike samfunnsgrupper.

Rett nok er det ikkje tvil om at embetsmennene som gruppe, ofte med dansk eller tysk bakgrunn, på fleire felt skilde seg frå bygdeallmugen. Oppsedinga og utdanninga til embetsmennene skilde dei også klart frå bygdeallmugen. Særleg gjeld dette då den dansk-norske staten kring midten av 1700-talet tok til å krevje universitetsutdanning for embetsmennene. Den materielle kulturen var synleg og skilsetjande, mellom annan ved hus, inventar og kleddrakt. Likevel er ikkje dette nok til å tale om ei uniform embetsmannsgruppe og -kultur. Her har det vore skilje mellom sivile og geistlege embetsmenn, men truleg endå klarare skilje i høve til militære embetsmenn. Deira meir realskuleprega utdanning i krigsskule var vesentleg annleis enn den københavnske universitetsbakgrunnen til andre embetsmenn (Hosar 2002). Vi kan såleis tale om delkulturar innanfor embetsmannskapet.

Det kan også reistas tvil om embetsmennene skilde seg kulturelt ut frå andre grupper innanfor eliten, som til dømes dei fremste innanfor handelsstanden. Nokre av desse heldt også til i bygdesamfunnet. I sær på 1600-talet, men også på 1700-talet hadde dessutan mange embetsmenn ein fot innanfor borgeleg næring. Det fanst vidare ei gruppe handlande eller proprietærar som i tillegg hadde konkrete funksjonar i høve til styresmakta, mellom anna som fullmektigar eller vikarar for embetsmenn. Dessutan var det fleire innanfor denne gruppa som forpakta kongelege inntekter, til dømes toll, tiend eller innkrevjing av bøter. Men i denne gruppa var det nok vanlegare å ha slektsbakgrunn frå bondestand eller lågare borgarskap i byane enn det var mellom embetsmennene. Nokre handelsmenn hadde også tidlegare vore betjentar hos embetsmenn.

Bøndene var langt frå ei samla og eintydig gruppe. For det første fant det enkeltpersonar eller grupper i bondesamfunnet som stod embetsstanden nær og hadde ambisjonar om å tileigne seg kulturtrekk derifrå. Dette kunne vere tilfelle med lensmannen, klokkaren, prestens medhjelparar, skulelærarane og underoffiserane (Høydal 1996). Det kunne også vere bonden som hadde slått seg opp som stor jordegodseigar (proprietær). Nettopp denne typen kultur møte er det interessant for prosjektet å analysere. For den andre var det store landsdelsskilnader innanfor bondestanden. På Hedemark fann til dømes Ivar Aasen i 1840-åra at bondegardane såg ut liksom herregardar i andre delar av landet. Her hadde då også bøndene ei stor sosial gruppe under seg innanfor bondesamfunnet, nemleg plassefolket. Slike stader kan det hende at det gjekk skiljeliner gjennom bondesamfunnet som var neste like markante som skilnaden i høve til embetsmenn og andre kondisjonerte (jamfør Gjerdåker 2002 og Tranberg/Sprauten 1996: 13). Dei to sosiale sjikta var også gjennomskorne av vertikale band, ofte slike som kan definerast som patron-klient-relasjonar eller mentor-klient-relasjonar.

Møte mellom kulturar

Når vi her i tillegg talar om *kultur møte*, dreiar det seg ikkje om møte på tvers av geografiske grenser. Endå embetsmennene ofte var innflyttarar i lokalsamfunnet, kom dei ikkje som gruppe frå ein bestemt annan stad (sjølv om mange hadde utdanningsbakgrunn i København). Mange av dei kunne også vere oppvaksne i lokalsamfunnet.

Samstundes var fundamentale asymmetriske maktrelasjonar grunnleggjande for møte og samhandling – embetsmennene representerte statsmakta, og allmugen var undersåttar. Embetsmennenes viktigaste oppgåve var å administrere på vegne av kongemakta, etter 1814 også på vegne av storting og regjering. Det er såleis etter måten nære koplingar mellom politisk-administrative tilhøve og det som eigentleg er temaet for prosjektet: kultur møte.

Møtepunktta mellom dei to gruppene var mange. Møtet kunne innebere overføring av kulturelle trekk frå dei eine til den andre gruppa. Lettast er det å tenkje seg overføringar av element frå den meste prestisjetunge eller herskande gruppa og ned i folkedjupet. Faktisk var dette også noko av oppdraget og målsetjinga til mange embetsmenn, i alle fall etter midten av 1700-talet (jamfør omgrepa opplyst einevelde, opinionsstyrt einevelde og medborgarskapsideologi.) Dei geistlege embetsmennene var såleis sette til å formidle og handheve særskilde religionsforståingar i høve til bygdeallmugen, som på si side kunne ha ei anna oppfatning av korleis religionen skulle forståast og praktiserast. Embetsmennene var kulturleverandørar (Mellempgaard 2002). Det har såleis vore vanleg å framstille einevaldsstaten som ei sivilisatorisk kraft i norsk samfunnsutvikling. Til dømes har Knut Mykland i

fleire verk lagt stor vekt på at det var bondesamfunnet som assimilerte element frå kulturen til den herskande klassen (Thue 2006). Internasjonalt har sosialantropologar observert at dei som vert herska over, utviklar ein vaken sans for herskarens kultur og kan spele opp mot han. Til dømes kunne dette gjelde bønder som utviklar strategiar i høve til godseigarar eller embetsmenn. (Berggreen 1986) Innanfor dette problemfeltet ligg også patron-klient-relasjonar.

Det er kanskje vanskelegare å tale om overføringar den andre vegen. Rett nok såg 1800-talshistorikaren Ernst Sars både embetsstand og storborgarskap som ei framand grein innpoda på ”det norske Folks Stamme”. Etter kvart vert denne framande greina assimilert med hovudstammen og ”antager dens karakteristiske Egenskaber”. Noko seinare var også Halvdan Koht inne på at norske elitepersonar let seg påverke av ein sterkt oppblomstande og sjølvstendig bondekultur på 1700-talet (Koht 1926: 219–220).

Det er knapt tvil om at embetsmannen som enkeltperson ved mange høve måtte justere seg i høve til allmugen. Ofte måtte reine administrative inngrep tilpassast normer og ordningar i bondesamfunnet. Dette i seg sjølv innebar likevel ikkje at det skjedde ei kulturoverføring frå bøndene til embetsgruppa eller at embetsstanden assimilerte trekk frå folkekulturen. Men også embetsmenn kunne ved visse høve vere deltakarar i gjestebod, på marknader og anna som desidert høyrde heime innanfor bondesamfunnet.

Kulturoverføringar og tilpassingar var likevel ikkje dei einaste resultata av møta. Dei kunne også innebere reine konflikhtar med sabotasje og aksjonsprega motstand, altså kulturkollisjonar. Konfliktperspektivet er av fleire historikarar blitt nærast reindyrka i eit klasseperspektiv. Halvdan Koht sitt marxistiske perspektiv i boka ”Norsk bondereising” vidareførte og forsterka Ernst Sars sine synspunkt. Stein Rokkan revitaliserte paradigmet med sin sentrum-periferimodell – den kulturelle konfliktaksen. Det ser i alle høve ut til at omfattande bondeaksjonar på 1700-talet var vanlegare på Vestlandet enn i andre delar av landet, i alle fall så lenge det gjeld aksjonar rettar mot embetsmenn. Det er mogeleg å skissere fleire årsaksteoriar omkring dette (Døssland/Løseth 2006).

Overordna teoriar og modellar

I prosjektet vil vi gjere oss nytte av fleire overordna teoriar og modellar. Vi har alt nemnt kritikken av eit *essensialistisk* kultursyn, medan nyansering og framheving av det samansette, individualskapte og foranderlege inneber at vi nærmar oss eit *konstruktivistisk* syn.

I og med at vi også stiller spørsmål kring kulturen til eit herskarsjikt i høvet til undersåttane sin kultur, er det nærliggande å gripe fatt i element frå disiplineringsteorar. Til dømes har Michel Foucault (1926-84) utvikla ein teori om at dei europeiske regima, særleg frå 1600-talet, sette mykje inn på å disiplinere undersåttane på nye måtar. I eldre tid gjekk makta ut på å ta, eller legge beslag på andres gjenstandar, verdiar, tid og kroppar. Særleg dreidde makta seg om retten til å ta liv. Frå 1600-talet, og endå meir utetter 1700-talet, endra maktutøvinga seg. Kontrollen over livet til undersåttane vart no viktig, ikkje retten til å ta det. Alt skulle tene til å gjere menneska meir produktive, bereknelege og ”normale”. Mennesket vart ein ressurs som måtte forvaltast fornuftig for å skaffe landet og regimet rikdom. Til dette høyrde venteleg også å gjere det i stand til å føre ein ”fornuftig” dialog med dei styrande (Sandmo 1994 og 1999).

Ein annan og noko eldre teoretikar, Norbert Elias (1897-1990), var også oppteken av siviliseringsprosessen (Nedkvitne og Rygg 1997, Kjeldstadli 1997). Hos han var dette meir ein eigeninitiert prosess frå dei gruppene det galdt: først adelen og dernest borgarskapet, for å vinne påverknadsmakt og posisjonar. Dei endra åtferdsmønster og koder for å vere kvalifiserte til å komme i maktposisjonar kring den sterke fyrstemakta og/eller sikre seg innverknad i eit stadig meir samansett samfunn. I dette samfunnet var nemleg omfattande samspel med andre grupper viktigare enn før. Først og fremst fokuserer Elias på at impulsive og kjensleladde handlingar, særleg bruk av vald, minka. Staten med si politi- og militærmakt sikra seg eit legalt valdsmonopol. Hos Elias er det altså ikkje snakk om disiplinering som resultat av maktbruk ovanfrå, endå han er uklar når det gjeld årsakene til endra åtferdsmønster hos dei lågare samfunnsgruppene under det såkalla statsberande sjiktet som var adel og borgarskap. Men følgjer vi hovudsaka i Elias si modelltenking, var bøndene og allmugen såleis ikkje objekt for eit skulerings- og disiplineringsspress ovanfrå, slik som hos Foucault. Stadig fleire av dei prøvde av eiga interesse å skaffe seg dei ferdigheitene som skulle til. Dette er ikkje i strid med teoriane til ein tredje kjent teoretikar, Pierre Bourdieu (1930-2002). Han har lagt vekt på

sosialgruppers strev etter å skaffe "kulturell kapital" for å gjere seg gjeldande i samfunnet (Bordieu 1995: 44. Melle 1999). Det er nærliggande å setje desse to teoriane opp mot einannan innanfor prosjektet.

Prosjektet vil også nytte andre maktteoriar og -modellar. Max Weber har sett skilje mellom *patrimonial autoritet* og *legal autoritet*. *Patrimonial autoritet* er forankra i tradisjon: gamle normer, ukrenkelege makttilhøve og personleg lojalitet. Omboda har følgjande karakteristiske trekk: A. Det manglar klart definerte kompetanseområde og tenestehierarki. B. Kontraktar og tilsettingar skjer ikkje ut frå kvalifikasjonar. C. Løna er ikkje fast og ofte ikkje tilstrekkeleg. *Legal eller byråkratisk autoritet* er forankra i lovverk og lojaliteten innanfor systemet er upersonleg. A. Omboda er definerte ut frå avgrensa kompetansefelt og hierarkisk bygd opp. B. Kontraktar og tilsettingar skjer etter kompetansekriteria. C. Ombodsmennene får fast løn.

I den perioden vi skal studere, vil nok element frå begge dei idealtypiske maktutøvingssystemane til Weber i praksis sameksistere, endå einevaldssystemet ideelt sett var bygd på legal autoritet. Det er såleis ikkje tvil om at *patron-klient-relasjonar* lenge spelte ei viktig rolle. Til dømes kunne kongens embetsmenn samstundes gå inn i ymse patronroller i bygdesamfunnet. Dette spelar ei rolle for kultur møte og kulturkonfliktar som vi skal studere. På lokalt og regionalt nivå må det komme fram korleis desse formene for maktutøving vart tilpassa einannan, men også at dei kom i konflikt.

Innanfor ein samfunnstypologi vil samfunn basert på patron-klientforhold stå mellom "slektskapsamfunn" som var basert på personlege band og "statssamfunn" som var basert på upersonlege band. Nyare mellomalderforskning har lagt sterk vekt på betydninga av slike relasjonar. Men Øystein Rian har vist at slike relasjonar i høg grad framleis var til stades i Noreg på 1600-talet – truleg også seinare. (Rian 2003 a og b). Det same er påvist til dømes i Frankrike i denne perioden. Det er såleis grunn til å tru på ein lang historisk kontinuitet når det gjeld dette rollemønsteret. På mange måtar kan ein knytte patron-klientforhold til Webers autoritetstypar, som ein måte patrimoniale samfunn er knytte i hop.

Prosjektet i tid og rom

Kronologisk tek prosjektperioden til ca 1660, då eineveldet vart innført. Det er frå då vi får ein verkelege embetsstand som også stadig styrker stillinga si utover 1700-talet. Strengare krav til embetsmannsutdanning og meir medvitne tankar innanfor gruppa om samfunnsrollene, tilseier at hovudtyngda av undersøkinga bør ligge frå 1750-åra og frametter.

Vi vil føre undersøkinga vidare framover også etter einevaldstida, fram til ca. 1870. Hos Jens Arup Seip inneber dei politiske hendingane i året 1884 slutten på "embetsmannsstaten". Frå 1840-åra tok ein ny "mellomklasse" med sin eigen kultur til å kile seg inn mellom dei to etablerte kulturane. I kyrkjeleg samheng kan ein seie at "lekmenn" for alvor kjem inn på maktarenaen i 1870-åra (Seip 1963, Try 1979, Berggreen 1982).

Prosjektet vil tematisere korleis forholdet mellom embetsmenn og bønder endra seg over tid. Til dømes må allmugens, for så vidt også elitens, tilhøve til skriftkultur ha blitt ein annan kring midten av 1800-talet enn 150 år før, likeins religionsforståinga. Dette må sjølvsagt vektleggast når vi studere eit såpass langt tidsspenn som ca. 1660 til 1870.

Analysane skal gjerast på regionalt nivå ved komparasjon. Det kan dreie seg om regionar med ulik næringsstruktur, t.d. kyst mot innland, eller regionar med ulik nærleik til maktsentra. For oss er det vel nokså sjølvsagt å inkludere Møre og Romsdal i undersøkinga. Her var det jo også vesentlege skilnader fogderia imellom. Høgskulen sit med eit relativt omfattande kjeldemateriale for heile fylket. Eit innlandsområde, t.d. Gudbrandsdalen, er ein aktuell kontrast, på grunn av ein annleis næringsstruktur og større avstand til maktsenter. Område kring tunge maktsenter som Bergen eller Trondheim blir også fokuserte. På nokre felt vil vi samanlikne med med granneland, t.d. Skottland.

Konkrete tilnærmingar

Meir konkrete tilnærmingar for å kaste lys over våre typar kultur møte kan vi samle kring følgjande innfallsvinklar:

1. *Embetsmannen og bondens orienteringsverd, eigenoppfatning og kulturelle særtrekk*

2. *Embetsmennene sitt syn på bonde- og allmugekulturen*
3. *Bøndene sitt syn på embetsmennene*
4. *Embetsmennene sine sosiale og økonomiske relasjonar i høve til bondesamfunnet*
5. *Regionale tilpassingar i embetsmennene si maktutøving*
6. *Bondesamfunnets tilpassing eller motstand*

Desse innfallsvinklane har vi samla kring tre delprosjekt. Det første omfattar dei tre første innfallsvinklane, det andre gjeld innfallsvinkel 4 og det tredje innfallsvinkel 5 og 6.

Delprosjekt 1: Embetsmenns og bønders orienteringsverd, eigenoppfatning og kulturelle særtrekk – ein regional komparasjon

Prosjektet skal på grunnlag av diverse primærkjelder og eksisterande regional og lokal litteratur leite etter regionale mønster i Noreg kring dei tre første innfallsvinklane som er lista opp ovanfor. Det er også aktuelt å dra samanlikningar med andre nordiske land. Det vil her vere mogeleg å hente moment frå dagboksnotat, såkalla kronologiar og personlege dokument frå både embetsmenn og bønder. Kva lå dei vekt på og fann verd å notere ned? Kan det her gå fram korleis dei oppfatta seg sjølve og si eiga gruppe i høve til omverda? Vidare vil analyse av hus og innbu frå skifte og liknande kjeldemateriale vere mogeleg. Kva med kledrakta til dømes? Er kulturskilnadene så absolutte og tydelege som det vanlegvis vert hevda?

Prosjektet skal også undersøke dei to gruppene sine gjensidige oppfatningar av einannan. Sjølv sagt er det alt skrive mykje om embetsmenns oppfatningar av bønder og bondekultur, men vi meiner at fokuset på regionale skilnader kan gje ny og interessant kunnskap. Her kan ein gå systematisk til verks med utgangspunkt i topografiske skildringane skrive av ymse embetsmenn på 1700- og 1800-talet. Visasmeldingar er også ei for så vidt velbrukt kjelde. På 1800-talet kan dette også supplerast med legane sine medisinalmeldingar. Legane var ofte i utgangspunktet meir framande for bondekulturen enn til dømes prestane var. I tillegg kjem ofte embetsmannssynspunkt fram meir tilfeldig i ymse embetsbrev, til dømes i amtmannsarkiva eller bispearkiva.

Bøndene sitt syn på embetsmenn er meir problematisk å kartlegge. Ein kan få enkelte små glimt i supplikkar og liknande materiale og ved nærstudie av tingbøker. I tillegg til dette er det her snakk om eit mangfaldig materiale. Tradisjonsnedteikningar, eventyr, myter og forteljingar speglar på si vis av folkelege haldningar til prestar og andre embetsmenn. Kan ein her kan registrere regionale skilnader? Innanfor alle desse problemfelte vil det også vere av interesse å registrere endingar over tid.

Vi ser føre oss at hovuddelen i dette delprosjektet vert gjennomført som eit post.-doc-prosjekt. Dette kan supplerast ved meir emneavgrensa masteroppgåver. Elles skal Knut Sprauten, direktør på Norsk lokalhistorisk institutt, delta med eit prosjekt som i stor grad vert basert på den omfattande lokalhistoriesamlinga ved instituttet. Prosjektet hans vert i utgangspunktet geografisk avgrensa til Trøndelag og Nordland. Instituttstyrar Knut Sprauten vert delprosjektansvarleg.

Delprosjekt 2. Embetsmennene sine sosiale og økonomiske relasjonar i høve til bondesamfunnet. Mikrohistorisk tilnærming

Målet med delprosjektet er å kartlegge sosiale og økonomiske band både innanfor og på tvers av dei to kulturane. Patron-klient-relasjonar vil stå sentralt i dette. Delprosjektet krev særleg tung innsats, med metodiske utfordringar og omfattande bruk av primærkjelder. I praksis inneber dette stor vekt på småskalaundersøkingar. *Mikrohistoriske tilnærmingar* vert særleg relevante. Mikrohistorie, i den nyare tydinga av ordet, voks langt på veg fram i protest mot sosialhistoria frå 1960- og -70-talet, som i stor grad generaliserte på grunnlag av kvantitative analysar. I følgje mikrohistorikarane held ikkje desse generaliseringane når dei blir testa mot dei faktiske realitetane i småskalalivet. Storskala kvantitative undersøkingar forvrenger realitetane på individnivået (Iggers:108).

Internasjonal mikrohistorie fokuserte heller på *avvikaren* enn på den typiske aktøren. Termen «det normale unntaket» er brukt om dei som i delar av fortidssamfunnet vart sett på som «unormale» eller til og med farlege. Desse kan av andre grupper samfunnet bli sett på som føregangspersonar. Dei aller fleste tilfella mikrohistorikarar tar for seg har ein ting felles: dei trekte til seg øvrigheitas merksemd og skapte dermed arkivmateriale (Magnusson 2006). Vi trur det må ligge særleg godt til

rette for vidare mikrohistoriske undersøkingar i norske lokalsamfunn der viktige relasjonstilhøve alt er klarlagt gjennom gode gards- og ættesogeboeker.

At vi for ein del brukar mikrohistorisk tilnærming, hindrar ikkje at vi også vil prøve å seie noko om regionale mønster – til dels ved hjelp av alt eksisterande og meir generell litteratur på regionalt og lokalt nivå. Kanskje er det innanfor dette delprosjektet ein kan få fram dei mest nyskapande forskingsresultata.

Vi kan skilje mellom sosiale og økonomiske relasjonar. Når det gjeld sosiale relasjonar bør det vere mogeleg å spørje etter embetsmenns familieband seg imellom og til bønder og andre grupper i samfunnet? Er det her skilnad regionar imellom? Vi kan også finne noko om andre typar sosiale relasjonar. Kven var til dømes fadrar og vitne i embetsfamiliens barnedåpar og truloving/bryllaup? I kva grad opptre embetsmennene i slike roller i høve til visse bondefamiliar? Kan ein seie noko om samkvem i gjestebod og liknande? Sentrale kjelder vil her vere kyrkjebøker og skifteprotokollar.

Når det gjeld økonomiske relasjonar vil vi sette i fokus embetsmennene si rolle som jordherrar, som utreiarar i samband med fiske, som eigarar og interessentar i sagbruk og bergverk og i handel og omsetting. Dette innebar økonomiske band i høve til andre samfunnsgrupper. I kor stor grad var embetsmenn kreditorar til grupper i bondesamfunnet? Det kan jo også tenkast omvende gjeldsband. Kven var til dømes kausjonistar for futar og andre ombodsmenn som skulle stå for innkasseringar til kongens kasse? Dette galdt også dei som forpakta kongelege inntekter. Det kan sjå ut til at mange embetsmenn medvite bygde seg opp som patronar med både lågare embetsmenn, bestillingsmenn (som bondelensmenn) og vanlege bønder som klientar. Noko av dette kan komme fram i skattelister i futerekneskap, matriklar, amtmannskorrespondanse, skifteprotokollar m.m.

Embetsmennene sine rettar på avgifter og ytingar frå bondesamfunnet var temmeleg ulikt praktiserte. Særleg hadde prestane eit mylder av slike særrettar. Den faste løna frå kongen utgjorde gjerne berre ein utilstrekkeleg kjerne av inntektene også for dei sivile embetsmennene. Fastløn (jamfør kriteria på 'legal'/byråkratisk autoritet) i godtgjersla til regionalt og lokalt embetsverk og ombod vart ikkje gjennomført før etter hundreårsskiftet 1900. Det må ha vore svært glidande overgangar mellom rettar som låg til embetet, kva som var såkalla frivillige gåver og kva som var rein korrupsjon. Korrupsjon kunne elles også innebere ein smidig måte å komme fram til semje med dei som betydde mest i bondesamfunnet. Det var ofte omfattande konflikhtar omkring praktiseringa av økonomiske rettar, og embetsmannen trong ikkje vere den vinnande parten. Dei militære sjefane er ei interessant, men forsømt gruppe når det gjeld kva rolle dei spela i lokalsamfunnet. Det finst spor etter patron/klientband mellom dei og soldatar som var innrullerte i kompaniet deira. Her er det likevel meir uvisst med kjeldemateriale.

Det kan vere særleg viktig å fokusere på posisjonen til bondelensmannen og klokkaren i skjeringspunktet mellom dei to kulturane. Merk her at mange av lensmennene både på Sunnmøre og i Lofoten i røynda var handelsmenn/kremmarar og ikkje bønder. Då var dei økonomiske banda til vanlege bønder gjerne både tette og omfattande. Den økonomiske patronrolla kjenner vi også til i bygdesamfunnet – utan embetsmenn involvert. Ombodsmenn (bondelensmenn o.a.) eller vanlege bønder kunne ha patron-relasjonar til andre i grend og bygd. Kanskje kan også *mentoren* inkluderast i patronatsomgrepet? I så fall vil ei rad med preste-/bondeungdoms-relasjonar koma inn i synsfeltet (jfr. Sivert Aarflot og hans mentorar/patronar). Med utgangspunkt i weberske idealtypar for autoritet er det interessant å studera nærare sameksistensen av dei to typane – både i tidleg nytid og langt inn i moderne tid. Var det først på 1800-talet mentorrolla fekk særleg betydning?

Arnfinn Kjelland og Atle Døssland vil sjølve utføre mindre underprosjekt for å bli fortrulege med dei særskilte mikrohistoriske metodane som kan nyttast. (For Kjellands del er dette eit ledd i eit større doktorgradsarbeid.) Det er alt no mogleg å blinke ut nokre slike undersøkingar ut frå konkret kjeldemateriale. Under dette delprosjektet vil det bli lyst ut ei stipendiat-stilling, plassert i dei siste tre åra av hovudprosjektet. Stipendiaten skal sjølv utføre ei mikrohistorisk undersøking og samanfatte funn og metodiske erfaringar frå dei andre undersøkingane i delprosjektet. Vidare vil vi prøve å tilby masterstudentar å utføre liknande undersøkingar. Delprosjektansvarleg er I. amanuensis Arnfinn Kjelland.

Delprosjekt 3. Maktbasis, maktutøving og regionale tilpassingar

Målsetjinga er å kartlegge kor vidt regionale særdrag kjem fram når det gjeld konflikhtar og tilpassingar knytt til embetsmannens maktutøving. Det er nærliggande å knyte dei til regionale kulturskilnader og dermed ulike former for kultur møte, som likevel har endra seg over tid. Kjeldematerialet vil her vere nokså mangfaldig. Kopibøker til overordna embetsmenn, supplikkar og rettsleg materiala er aktuelt. Her vil vi gjere djupnestudiar i to til tre regionar, men halde dette opp mot eksisterande faglitteratur på regionalt og lokalt nivå.

Vi kan her skilje mellom to innfallsvinklar knytt til regionale skilnader: 1. Korleis og i kva grad embetsmenn tilpassa maktutøvinga si til den rådande bondekulturen? 2. I kva grad bondesamfunnet var villige til å tilpasse seg dei tiltaka embetsmennene prøvde å sette i verk eller handheve?

Den første innfallsvinkelen gjeld både embetsmannen som reiskap for sentralmakta og eigeninitiert påverking og maktutøving frå hans side. Maktutøvinga til embetsmannen måtte så langt som råd tilpassast normene og makttilhøva i det samfunnet dei møtte. Etter at militærvesen og krigsøkonomi hadde fått dominere heilt i einevaldsstyrets prioriteringar, fekk gradvis disiplineringsstrev i høve til innbyggjarane breiare rom etter 1720. I dette vert også ei statsdirigert religionsforståing både gjennom kyrkja og i aukande grad gjennom skuleopplæring eit vesentleg trekk.

Trass dei eineveldige ambisjonane om ryddigheit var ikkje alle embetsmenns funksjonar så fast definerte. Her var framleis rom for regionale avvik. Når det gjaldt til dømes futen, mangla det saklege embetsområdet hans ei nærare spesifisert forankring i lov. Av amtmannsinstruksen 7. feb. 1685 går det fram at futen skulle assistere amtmannen i alle saker som høyrde under amtmanns-embetet. Dermed varierte altså arbeidsåret til futane frå det eine fogderi og amt til det andre. Slik lovforankringa for futeembetet var, og slik autoritetstilhøva mellom amtmann og fut var, kan ein ikkje utan vidare tala om 'upersonleg lojalitet'. 'Patrimonielle' autoritetsrelasjonar hadde relevans på dette området gjennom heile perioden. (Sorenskrivarembetet, med sine klårt definerte ansvarsområde, var motstykket til futeembetet like frå starten i 1592).

I vanleg embetsutøving stod embetsmannen nokså einsam. Det måtte vere nærliggande å nytte uoffisielle kanalar for å gjere seg gjeldande. Her kan ein studere lovtekstar og forordningar på utvalde felt og embetsmennene sine embetsinstruksar. I kva grad finn vi avvik frå dette når det gjeld den faktiske utforminga i lokalsamfunnet? Døme her kan vere futens måtar å krevje inn skattar og avgifter. Mykje tyder på at futen i vekslande grad prøvde å tilpasse både betalingsformer og betalingstidspunkt til det som skapte minst mogleg konflikt i høve til bondesamfunnet. Her kan det også vere tale om forskotteringar frå futen sjølv eller frå andre, t.d. handelsmenn eller jordeigarar. Det er vekslande i kva grad futen greip til drastiske og konfliktskapande verkemiddel som militær eksekusjon.

Prestane var pålagde å gjennomføre gudstenester etter faste ritual og liturgi. Men dei lokale variasjonane var store både når det gjeld terskel for messefall og kor fritt spelerom allmugen faktisk hadde under dei temmeleg langvarige tenestene. Bygdefolk brukte dette høvet til ei heil rad formål og langt frå berre til religiøs oppbygging. Ulike skikkar og uskikkar fekk tydeleg i stor grad feste seg endå dei var i strid med styringsmakta sine intensjonar og normer. Presten bøygde ofte av for og tilpassa seg allmugen. Nokre nidkjære prestar prøvde å endre gamle skikkar med omfattande konflikhtar som følgje (jamfør dei pietistiske 7-stjerneprestane i Romsdals amt).

I sitt underprosjekt vil Birger Løvlie setje søkelys på presten og topografen Hans Strøm (1726–97). Idéhistorisk er Hans Strøm ein overgangsmann mellom pietisme og opplysning. I forkant av Hans Strøm er sjustjerneprestane og biskop Pontoppidan sine hyrdebrev aktuelle kjelder. Skriftene hans vil vere eit tyngdepunkt i undersøkinga, særleg det folkeopplysande "Tilskueren paa Landet". Patron-klient perspektivet vil også vere eit fruktbart innsteg i stoffet, ikkje minst fordi det gjev grunnlag for eit komparativt element. Patronatsretten var eit stadig tilbakevendande stridstema i kyrkjeretten i andre land i Europa på denne tida, særleg Skottland. Dette utblikket til Skottland vil knytte prosjektet til eitt av delemna i mastergraden Kultur møte. Det vil også vere aktuelt med fleire koplingar til Skottland, i og med at professor Andrew Newby ved University of Edinburg ønskjer å delta med ein kompartiv skotsk-norsk studie.

Etableringa av den norske legdhæren frå 1628, og særleg konsolideringa av denne under eineveldet var ein sær viktig faktor i disiplineringsstrevet frå styresmaktene si side. Offiserssjiktet var likevel ikkje einsarta. Særleg skil underoffiserane seg ut.

Innanfor den andre innfallsvinkelen i delprosjektet vert det eit poeng at det ikkje nødvendigvis var heile bondekollektivet som tilpassa seg. Bondesamfunnet og bondekulturen var samansett. Somme avgrensa grupper eller enkeltpersonar innanfor bondesamfunnet gjekk langt i å prøve å tileigne seg opplysningsideane og medborgarskapsideologien. Lærarane var til ein viss grad opplærte av presten og kunne ha nære band til han (Høydal 1996). Prestens medhjelparar og medlemene i skule- og fattigkommissjonane kunne fungere som forlenga armar for embetsmannens meiningar og prosjekt. Jamfør også dei tidlegaste måtehaldsforeiningane og misjonsforeiningane som gjerne var presteleidde. Det kan vidare vere grunn til å framheve underoffiserane som ein mogleg formidlande instans mellom stat/embetsstand og bondesamfunn, særleg frå og med etableringa av underoffisersskular rundt 1800. Underoffiserane kan ein også sjå som bygdefolkets organiske intellektuelle ved sida av til dømes lærarstanden.

Lesekunne og bøker i bondeheimane kan trekkast inn her. Mange bøker i bondeheimane kan tolkast som tilpassing til elitekultur. Men det kjem også an på arten av litteratur. Var han i samsvar med elitekulturens smak og ønske (Fet 1995)? Kring midten av 1700-talet vert mange embetsmenn meir aktive enn før som folkeoppdragarar og folkeopplysarar.

Trass i forsøk på tilpassingar gjorde bøndene passiv eller aktiv motstand mot ein heil del kongelege pålegg og ordningar. Mest dramatisk var det sjølvstekt kring dei større bondeaksjonane. Bondemotstanden har lange tradisjonar, og det har vore skrive mykje om han. Det er likevel mykje som står att når det gjeld å kartlegge regionale mønster og særtrekk. Særlege tema innanfor dette kan vere: Utforming og praktisering av dei lokale skuleordningane. Utforming og praktisering av dei lokale fattigordningane. Dei lokale tinga som arenaer.

Ein viktig del av prosjektet skal gjennomførast ved utlyst doktorgradsstipend. Eigne undersøkingar under delprosjektet vert utført av 1. amanuensis Birger Løvlie og professor Brynjulv Gjerdåker (om lensmennene si særigne stilling). Desse to er også ansvarlege for delprosjektet.

Framdriftsplan

Prosjektet vil gå i perioden 2008–2011. Prosjektleiaren er sett opp med 10 % frikjøp frå undervisning i heile perioden. Delprosjektleiaren er sette opp med 15 % frå undervisning i heile perioden. Ein av desse vil vere ekstern.

Post. doc. delprosjekt 1 er sett opp med 100 % i tre år 2008–2010. Stipendiat (høgskulefinansiert) på delprosjekt 2 er sett opp med 100 % i tre år 2008–2010. Stipendiat delprosjekt 3 er sett opp med 100 % i tre år 2008–2010. Interne underprosjekt under delprosjekt 2 er sett opp med 40 % frikjøp frå undervisning i heile prosjektperioden. Interne underprosjekt under delprosjekt 3 er sett opp med 40 % frikjøp frå undervisning i heile prosjektperioden.

Det blir lagt opp til å kople masterstudentar ved masterprogrammet i kultur møte på del- og underprosjekta frå hausten 2009. Prosjektet vil lyse ut stipend á kr 96.000 pr oppgåve / studentårsverk. Vi vil prøve å få i stand ein nasjonal oppstartskonferanse hausten 2008, og ein internasjonal oppsummeringskonferanse våren 2011, begge i Volda.

Budsjett og finansiering

Om detaljbudsjettet, sjå det vevbaserte søknadsskjemaet. Søknaden til Forskningsrådet er på kr 6 mill. Høgskulen i Volda legg sjølv inn kr 6,1 mill. som eigenfinansiering i form av ei stipendiatstilling, ei intern doktorgradsfinansiering for ein fast tilsett, 2 årlege masterstipend og elles delar av FoU-tida til dei fast tilsette. Ein samarbeidspartnar (NLI) bidreg med 20 % av eitt forskarårsverk til delprosjekt 1.

Dei eksterne prosjektmidlane skal dels brukast til ein post. doc. (delprosjekt 1), ein stipendiat (delprosjekt 3), 80 % frikjøp for eit eksternt forskarårsverk (NLI), frå delar av undervisningsplikta for dei fire fast tilsette prosjektdeltakarane internt ved HVO og til 2 masterstipend. Prosjektleiaren skal ha 10 % frikjøp for heile perioden. Prosjektmidlane, saman med delfinansiering frå HVO, skal òg dekkje kostnadene ved to konferansar. Det er lagt inn 3 prosent pris- og lønsauke i heile prosjektperioden.

Høgskulestrategisk perspektiv og kompetansenettverk

I strategiplanen for høgskulen i Volda er kulturfag/humanistiske fag mellom dei fagområda som skulen ønskjer å profilere og vidareutvikle. I fou-planen er religion, livssyn og samfunn og region, identitet og globalisering rekna opp som hovudfelt saman med kulturformidling og nynorsk skriftkultur under samleoverskrifta "kultur møte". I begge planane er etableringa av mastergrad i kultur møte framheva som mål i planperioden 2006–10. Planane for denne mastergraden er alt slutført gjennom samarbeid mellom historisk institutt og RLK-instituttet ved høgskulen. Han vart endeleg godkjent hausten 2006, og studentopptaket tek til frå hausten 2007. Forskingsprosjektet vi no søker om midlar til, er sjølv sagt ikkje minst tenkt for å støtte opp om, vidareutvikle og lage eit breiare miljø kring dette masterstudiet.

På høgskulen i Volda finst det ein solid miljø for forskning på regionalt og lokalt nivå. Dette gjeld ikkje minst innanfor samfunnsfaga og historie. Historie skal elles frå hausten flyttast over i same avdeling som samfunnsfaga. Når det gjeld historie kan vi spesielt nemne fylkeshistoria for Møre og Romsdal som kom i tre bind i perioden 1990–96 og dekte perioden ca. 1670–1972. Forfattarar var Atle Døssland, Jon Tvinnereim og Arnljot Løseth. To av desse er framleis tilsette ved høgskulen. Atle Døssland har også skrive band 3 og første halvdel av bind 4 av Strilesoga, Regionsoge for Nord- og Midhordland (1998–99). Hans bidrag dekte perioden ca. 1650–1865. Vidare har Atle Døssland og Arnljot Løseth vore medarbeidarar i Vestlandets historie. Dei skreiv om lokalmakt og sentralmakt 1660 og fram til i dag ut frå sentrum–periferi-synsvinkel. Løseth har også vore med i eit tverrfagleg prosjekt om regional utvikling på Nord-Vestlandet i nyare tid. Det er vidare grunn til å nemne Jostein Fet sitt omfattande prosjekt om allmugens skriftkultur, utgjeve som tre bøker i 1995, 2003 og 2006. I miljøet har fleire, på tvers av faggrensene, arbeidd med kulturhistoriske tema, som til ein viss grad også grensar opp mot det prosjektet vi her skisserer. Her kan vi nemne det fleirfaglege prosjektet om "Vestlandlæren", med eit overordna nasjonsbyggingsperspektiv. Dette gjeld først og fremst Reidun Høydal og Jostein Nerbøvik. Sistnemnde gav også i 2004 (det året han døyde) ut boka "Myndige møringar" som nettopp galdt lærdomshistorie, samspel og konflikt mellom sentrum og periferi og forholdet mellom ulike delkulturar med Volda som døme, i perioden 1740-1870.

Brynjulv Gjerdåker har solid kjennskap til det norske bondesamfunnet m.a. som forfattar av bd. 3 av Norges Landbrukshistore (2003). Her la han særleg vekt på å presentere ulike sosiale grupperingar innanfor bondesamfunnet, og korleis desse varierte landsdelar og regionar imellom. Han sit også inne med stor administrasjonshistorisk kunnskap og kjeldekunnskap gjennom fleire år som arkivar på Statsarkivet i Trondheim. Vidare har han skrive doktoravhandling om kystkultur på trøndelagskysten i moderne tid.

For prosjektet meiner vi også at Arnfinn Kjelland sine kunnskapar og forskarerfaring vil komme til stor nytte. Han har gjennom fleire år leidd store lokalhistorieprosjekt basert på omfattande databasert kjeldemateriale på individnivå (busetnadssoge). Dette har resultert i ei rekke bokutgjevingar for Lesja og Lom i Gudbrandsdalen og Sula og Volda på Sunnmøre.

Ved RLK-instituttet er fleire personar involverte i studium som dokumenterer relevant kompetanse for søknadstemaet. Birger Løvlie gav i 2002 ut Vestavind. 1870-årenes debatt om kristenliv og kirkeordning under innflytelse fra Skottland. Han skal i løpet av 2007 gje ut ei bok om den vestnorske salmediktaren Matias Orheim sitt bidrag til vestnorsk kultur- og danningshistorie.

Dessutan har han vore bidragsytar til fleire bøker med artiklar om presten si rolle og sjølvforståing på 1700-1800-talet. Det same gjeld Per Magne Aadnanes og Per Halse. Per M. Aadnanes har også utført grundige studium av norsk livssynsdebatt, mellom anna med boka Frå moderne vantru til ny religiøsitet (1988) og Per Halse er i ferd med å avslutte eit doktorgradsarbeid om framveksten av nynorsk kyrkjespråk.

Alt i alt meiner vi prosjektet kan bygge vidare på ein alt eksisterande og relativt sterkt fagleg fundament ved høgskulen. Vi vil likevel bygge dette vidare ut også med kontaktar og nærare avtalar med andre fagmiljø. Norsk lokalhistorisk institutt i Oslo (NLI) støttar opp om prosjektet både fagleg og praktisk. Dette tyder full tilgang til den omfattande lokalhistoriesamlinga, og det inkluderer eventuell rettleiingsteneste for stipendiatar og masterstudentar. Instituttet kan også periodevis stille kontorplass til rådvelde. Direktør Knut Sprauten vert også medarbeidar i sjølve prosjektet i eit omfang tilsvararande eitt årsverk. NLI si deltaking er av stor verdi for prosjektet, sidan medarbeidarane der, meir enn nokon andre, sit inne med kunnskapar om og tilgang til eksisterande lokal- og regionhistorisk

litteratur. Professor Andrew Newby ved University of Edinburg ønskjer som ledd i eit meir omfattande prosjekt å dra samanlikningar på nokre av våre emnefelt med skotske tilhøve. Gerd Moridt, forskar og arkivar ved Riksarkivet, vert også med i nettverket kring prosjektet vårt. Ho arbeider med eit doktorgradsprosjekt om forbruk og haldningar til forbruk mellom norske bønder 1750–1820. Professor Øystein Rian ved Universitetet i Oslo vert også med i nettverket som fagleg rådgivar.

Referert litteratur

- Berggreen, Brit. 1982. De tre kulturer: søkelys på mellomklassen. *Dugnad* 1/1982: 11–37.
- Berggreen, Brit. 1986. "Slekten frå 1814": Embetsstand og bønder – om virkelighetskonstruksjoner og kultur møter. I: Elsa Reiersen og Dagfinn Slettan (red.), *Mentalitetshistorie – muligheter og problemer*. Trondheim.
- Berggreen, Brit. 1989. *Da kulturen kom til Noreg*. Oslo.
- Bourdieu, Pierre. 1995. *Distinksjonen*. Oslo.
- Dyrvik, Ståle og Feldbæk, Ole. 1996. *Mellom brødre 1780–1830. Aschehougs Norgeshistorie bd 7*. Oslo.
- Døssland, Atle og Løseth, Arnljot. 2006. Lokalmakt og sentralmakt, periferi og sentrum. I: Knut Helle m.fl. (red): *Vestlandets historie, bind 2 Samfunn*. Bergen, s. 248–95.
- Fet, Jostein. 1995. *Lesande bønder. Litterær kultur i norske allmugesamfunn før 1840*. Oslo.
- Gjerdåker, Brynjalv. 2002. *Norges landbrukshistorie III 1814–1920. Kontinuitet og modernitet*. Oslo.
- Hosar, Hans. 2000. *Kunnskap, dannelse og krigens krav. Krigsskolen 1750–2000*. Oslo.
- Høydal, Reidun. 1996. Omgangsskulelæraren som bygdeelite: skriftkulturellmeistring som sosial ressurs. *Heimen*/3: 201–06.
- Iggers, Georg 1997: *Historiography in the Twentieth Century: from Scientific Objectivity to the Postmodern Challenge*. Hannover, NH.
- Kjeldstadli, Knut. 1997. En freudiansk funksjonalist? I: Førland, Tor Egil (red.): Norbert Elias: *En sosiolog for historikere? Tid og Tanke* 1/1997. Oslo: 91–102.
- Magnusson, Sigurdur Gylfi (2006): What Is Microhistory? på *George Mason University's History News Network* (<http://www.hnn.us/articles/23720.html>) 05.08.06.
- Melle, Oddbjørn. 1999. Bourdieu og Volda. 'Motkultur' som 'symbolsk kapital', *Historisk tidsskrift* 2/1999: 174–213.
- Mellomgaard, Signe. 2002. "Uanset Rang, Stand eller Kiøn"? Om konstitueringen af folk og elite gennem natrhistorien i 1700-tallets sidste halvdel. *Tidsskrift for kulturforskning* 1.
- Nedkvitne, Arnved og Rygg, Johan Anton. 1997. Siviliseringsprosessen – en modell for middelalderforskere? I: Førland, Tor Egil (red.): op cit.: 19–30.
- Rian, Øystein. 2003a. *Embetsstanden i dansketiden*. Oslo.
- Rian, Øystein. 2003b. *Maktens historie i dansketiden*. Oslo.
- Sandmo, Erling. 1994. "Maktens beroligende blick", *Scandia. Tidsskrift för historisk forskning*.
- Sandmo, Erling. 1999. "Michael Foucault som maktteoretiker", i: Fredrik Engelstad (red.): *Om makt. Teori og kritikk*. Oslo.
- Seip, Jens Arup. 1963. *Fra embetsmannsstat til ettpartistat og andre essays*. Oslo.
- Thue, Fredrik W. 2006. Knut Mykland som nasjonal forteller. *Historisk tidsskrift* 4: 613–643.
- Tranberg, Anna og Sprauten, Knut. 1996. *Norsk bondeøkonomi 1650–1850*. Oslo.
- Try, Hans. 1979. *To kulturer, en stat. Norges historie bd. 11*. Oslo.